

Paraglidersamling på Dønhaug.

11.04.2015



Vakker utsikt når ein flyg over Kvinnherad!

Neste helg, 17.-19.april, vert Dimmelsviktreffet i paragliding arrangert. Det er Hardanger Paragliderklubb som er arrangør, og deltakarane på treffet har base på Dønhaug Gjestegard der dei har både overnatting og sosial samling. I samband med treffet har Erlend Rongen som flaug frå Ulvanåso i påsken, sendt oss ein flott video.

Dimmelsviktreffet har vore arrangert ein del år no og samlar deltakarar frå eit stort område. Treffet markerer starten på ein ny sesong. Hovudfokuset er på flygeglede og sosialt fellesskap. I fjar måtte treffet dessverre avlysast grunna veret, men no er langtidsmeldingane både på yr og storm svært lovande for den aktuelle helga.

Fjella våre er populære også i paraglidermiljøet. I treffhelga vert det i hovudsak hoppa frå Kviteggja der dei har avtale om å bruka skogsvegen til å frakta utstyret opp. Då vi snakka med dei langfredag, såg dei også gode muligheter i vår bygd, men dei hadde på det tidspunkt ikkje gjort nødvendige avtalar med grunneigarar.

På Dønhaug der treffdeltakarane har base, disponerer dei både hovudhuset og låven. Det vert muligheter for overnatting både på romma og i telt/låve. Elles vert også anlegget brukta til sosiale aktivitetar.

I samband med treffet har Erlend Rongen sendt oss ein video. Den inneholder opptak som vart gjort under flyging forrige helg, og litt reklame for det komande treffet. De kan [sjå videoen ved å klikka her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Hardanger Paragliderklubb